

# Omtale innleiarar

«Hører du hva jeg sier? - Fanget i vold og seksuelle overgrep»  
v/ Erlend Wittrup Djup

Erlend Wittrup Djup er spesialist i klinisk vaksenpsykologi. Han er tilsett i Politiet, ved Statens barnehus Bergen, der det blir gjennomført tilrettelagde avhør av barn som kan vere utsett for vald og/ eller seksuelle overgrep. Han har vidareutdanning i ulike traumebehandlingsmetodar, og har blant anna erfaring frå spesialisthelsetenesta, skolehelsetenesta, privat praksis og som sakkunnig i saker etter lov om barneverntenesta

«Medverknad for barn i familiar med låg inntekt som får tenester frå barnevernet og NAV – eit samarbeidsprosjekt mellom forskning-, utdanning- og praksisfelt»  
v/Førsteamanuensis Tone Jørgensen og Høgskulelektor Berit Marie Njøs ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal.

Tone er fagansvarleg for vidareutdanning i barnevernet «Vurdering av barnets beste" og forskar på brukarmedverknad i barnevernet og kunnskap og makt i barnevernets avgjerdsprosessar. Berit er faglærer ved bachelor i barnevern og forskar på vilkår for barns deltaking i barnevernet.

«Teieplikt og strafferetsleg forståing» v/Linda Åmelfot, politi.

Linda er So fagleiar og fagleiar for familierelatert vald i GDE Sogn og Fjordane, Vest politidistrikt. Ho har vidareutdanning innan seksuelle overgrep, grov vald og drap og tirettelagde avhør av barn.

«Medvirkning, utenforskap og inkludering»  
Redd Barna region Vest v/Regionrådgiver Irene Tollefsen

Artikkel 31 i barnekonvensjonen seier at «Barnet har rett til hvile, fritid og lek, og til å delta i kunst og kulturliv». Med dette som utgangspunkt har Redd Barna starta prosjektet «Oppdrag 31», etter artikkel 31 i Barnekonvensjonen, for å sjå på kva det er som gjer at nokon barn felle utanfor. Gjennom prosjektet «Oppdrag 31» vil vi utdjupe korleis barns medverking bidreg til auka forståing av kva som skal til for å bli inkludert, og kva som skapar utanforskap. Kva vi kan gjere for å sørge for at alle barn får være med og får oppfylt retten sin om kvile, leik og fritid?

«Møt meg som et menneske og la oss bli hørt», Landsforeningen for barnevernsbarn

Om medverking på individ- og systemnivå og barnevernsbarns tankar rundt kva som er viktig her.  
Landsforeningen for barnevernsbarn er ein medlems- og interesseorganisasjon som jobbar for å betre barn og unge sine rettar i møte med barnevernet, og for å endre stereotype haldningar til barnevernet og barnevernsbarn. Dei jobbar med å peike på utfordringar i barnevernet og komme med forslag til betring.

*«Tilrettelegging av medvirkning for fosterbarn med utviklingshemming – kommunikasjonen med barna»*

v/ Eireen Finden og Hege Sundt, Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal

Alle barn har rett til å bli informert, sett og høyrte for den dei er, for å høyre til i eit fellesskap, og oppleve at dei er verdifulle. I 2018 vart det på vegne av Redd Barna gjennomført eit prosjekt der målet var å belyse fosterbarn med utviklingshemming sin rett til medverking i eiga barnevernssak. Fosterforeldre, tilsette i barnevernstenesta og nokre fosterbarn er intervjuet.

Eireen Finden er faglærer ved bachelor i vernepleie, er utdanna vernepleier med vidareutdanning og ein master i samhandling i helse- og sosialfag. Erfaringa hennar er knytt til menneske med utviklingshemming og psykiatri.

Hege Sundt er faglærer ved bachelor i barnevern og vidareutdanning i barnevern, utdanna sosionom med master i sosialt arbeid, og har spesielt kompetanse på fosterheimsfeltet.

*«Kva er ungdomsrådet», Helse Førde ungdomsråd*

Ungdomsrådet er ein brukarorganisasjon av og for ungdommar som er eller har vore pasientar i Helse Førde. Ungdomsrådet består i dag av fem ungdom, men vi ønskjer på sikt at vi skal være 10-12 medlemmar.

Ungdomsrådet møtes 6 gonger for året og deltek elles i arbeidsgrupper i forbindelse med ulike prosjekter i Helse Førde.

Ungdomsrådet er viktig fordi ungdom skal uttale seg på vegne av andre ungdom. Det vil ha ein større verdi enn at brukarutvalet, som gjerne er «godt vaksne» folk skulle tale på vegne av ungdom. Dei vil ikkje på same måte kunne sette seg inn i korleis det er å vere innlagt på Helse Førde sine ungdomsavdelingar.

Ungdom som sitter i ungdomsrådet har erfaringar som pasient eller pårørande og er mellom 15 og 25 år. Kan også vere eldre/ynge. Har ein erfaringskompetanse og er interessert i å engasjere seg i ungdomsrådet er ein velkommen til å delta.

*«Puls på Norge – humanitære utfordringar hjå barn og unge i Norge»*

v/ Jon Atle Rise, distriktrådsleiar ungdom, Sogn og Fjordane Røde Kors.

Røde Kors har i lag med SSB kartlagt dei største humanitære behova/utfordringane vi har i Noreg, der 7 av 8 punkt direkte eller indirekte gjeld barn og ungdom. Denne rapporten heiter Sosial puls. I tillegg har dei utarbeida rapporten «Psykt flink», som tek føre seg press og stress blant ungdom. Røde Kors har anbefalingar om kva som må til for å handtere desse utfordringane som forskjellige instansane kan gjere noko med.